

# St.prp. nr. 85

(2006–2007)

## Om endringar i «Regulativ for tillegg mv. til utskrivne vernepliktige mannskap»

*Tilråding frå Forsvarsdepartementet av 8. juni 2007,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### 1 Innleiing

I denne proposisjonen legg Forsvarsdepartementet fram forslag om regulering av primærgodtgjersler for utskrivne vernepliktige mannskap frå 1. juli 2007.

### 2 Samandrag og tilrådingar

Forslaget til regulering er basert på resultatet av løneoppgjjeret mellom staten og LO-Stat, Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund-Stat, Akademikerne og Unio. Med grunnlag i løneoppgjeret for statstilsette blir primærgodtgjersler til vernepliktige mannskap tilrådd auka med 3,4 % frå 1. juli 2007. Forsvarsdepartementet har vedteke å omgjere utdanningsbonus frå eingongssum til dagsats. Tidlegare elevtillegg er gjort om og går inn i ny dagsats for utdanningsbonus.

Meirutgiftene for 2007 er utrekna til 10,573 millioner kroner.

### 3 Bakgrunn

Gjennom ei rekkje år har dei økonomiske yttingane til soldatane blitt regulert med basis i løneoppgjeret for tilsette i staten. Forsvarsdepartementet har dei seinare åra, i tråd med synet til

Stortinget, lagt til grunn den reguleringa som blir gitt i lågaste lønetrinn for vaksen, ufaglært arbeidskraft.

Løneoppgjerset for statstilsette i løneramme 1, alternativ 1 gav som resultat eit kronetillegg på 4 300 på A-tabellen og vidare ei auke med eit lønetrinn for alle i løneramma. Dette utgjer til saman ei regulering på 3,4 %.

### 4 Auke av status for befalsskoleelevar

For å gi befalsskoleelevar ei auke av status og for å få meir økonomisk jamstilling mellom befalsskoleelevar og vernepliktige som avtener fystegongsteneste, har Forsvarsdepartementet vedteke å endre utdanningsbonus frå 1. juli 2007. Utdanningsbonus som eingongssum er gjort om til «dagsats utdanningsbonus». Tidlegare elevtillegg er lagt inn i dagsatsen og satsen er ytterlegare auka til kr 47,- pr. dag. Utdanningsbonus dagsats vil som tidlegare bli regulert som dei øvrige primærgodtgjerslene.

### 5 Vurderingar

Dei årlege reguleringane med basis i løneoppgjerset sikrar dei vernepliktige ein rimeleg god levestandard. Departementet meiner det er naturleg

og rimeleg at det i år blir gitt ei regulering som for lågaste begynnarløn for vaksen, ufaglært arbeidskraft i staten. Etter ei samla vurdering er Forsvarsdepartementet kome fram til at dei vernepliktige bør få ei regulering på avrunda 3,4 % med verknad frå 1. juli 2007.

## 6 Regulering av satsane

Forslaget inneber følgjande regulering av satsane frå 1. juli 2007:

Tenestetillegg frå kr 126,00	til kr 130,00 pr. dag
Korporalstillegg frå kr 16,00	til kr 16,50 pr. dag
Kompensasjonstillegg frå kr 247,50	til kr 256,00 pr. dag
Ektefelletillegg frå kr 3 375,00	til kr 3 492,00 pr. månad
Barnetillegg, første barn frå kr 3 834,00	til kr 3 966,00 pr. månad
Barnetillegg, øvrige barn frå kr 1 581,00	til kr 1 635,00 pr. månad
Dimisjonsgodtgjersle 12 månader teneste frå kr 23 000,00	til kr 23 798,00
Utdanningsbonus, dagsats frå kr 47,00	til kr 48,50 pr. dag

## 7 Samla utrekning av utgiftene

Meirutgiftene som følgje av forslaget er utrekna til 10,573 millionar kroner for 2007 etter følgjande fordeling:

Auke av tenestetillegg og korporalstillegg	6,351 mill. kroner
Auke av kompensasjonstillegg	0,117 mill. kroner
Auke av forsørgjartillegg	0,592 mill. kroner
Auke av dimisjonsgodtgjersle	3,412 mill. kroner
Auke av utdanningsbonus	0,101 mill. kroner

## 8 Verknad for siviltenesta

Regulativendringar for militære vernepliktige mannskap utløyser tilsvarende endringar for dei sivile vernepliktige. Dette følgjer av militærnekterlova § 18. Meirkostnadane for siviltenesteforvaltninga for andre halvåret 2007 er utrekna til 0,946 mill kr. Verknad for heile året blir 1,682 mill. kr.

Forsvarsdepartementet

til rår :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i «Regulativ for tillegg mv. til utskrivne vernepliktige mannskap».

Vi HARALD, Noregs Konge

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endring i «Regulativ for tillegg mv. til utskrivne vernepliktige mannskap» i samsvar med eit vedlagt forslag.

**Forslag****til vedtak om endringar i «Regulativ for tillegg mv.  
til utskrivne vernepliktige mannskap»****I**

I statsbudsjettet for 2007 blir det gjort følgjande endringar:

## Utgifter:

Kap.	Post		Kroner
450	Sivile vernepliktige		
	01 Driftsutgifter blir auka med .....	946 000	
	frå kr 100 437 000 til kr 101 383 000		
1720	Felles leiing og kommandoapparat		
	01 Driftsutgifter blir auka med .....	93 000	
	frå kr 2 030 480 000 til kr 2 030 573 000		
1725	Fellesinstitusjoner og – utgifter under FST		
	01 Driftsutgifter blir auka med .....	453 000	
	frå kr 2 063 996 000 til kr 2 064 449 000		
1731	Hæren		
	01 Driftsutgifter blir auka med .....	4 463 000	
	frå kr 3 743 241 000 til kr 3 747 704 000		
1732	Sjøforsvaret		
	01 Driftsutgifter blir auka med .....	1 346 000	
	frå kr 2 661 531 000 til kr 2 662 877 000		
1733	Luftforsvaret		
	01 Driftsutgifter blir auka med .....	791 000	
	frå kr 3 355 354 000 til kr 3 356 145 000		
1734	Heimevernet		
	01 Driftsutgifter blir auka med .....	1 292 000	
	frå kr 1 051 949 000 til kr 1 053 241 000		
1740	Forsvarets logistikkorganisasjon		
	01 Driftsutgifter blir auka med .....	1 791 000	
	frå kr 2 607 658 000 til kr 2 609 449 000		
1790	Kystvakten		
	01 Driftsutgifter blir auka med .....	344 000	
	frå kr 824 383 000 til kr 824 727 000		

